

## Høyring – Utdanning og forskning i spesialpedagogikk – veien videre, rapport fra Ekspertgruppen for spesialpedagogikk

### Uttale frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Vi viser til Utdanningsdirektoratet sitt brev av 08.07.14. I brevet går det fram at det i høyringsuttalane vert tydeleg referert til kapittel og tilrådingar.

I forhold til ekspertgruppa sine tilrådingar referer våre innspel særleg til kap. 7

#### Bachelor i spesialpedagogikk

##### *Høgfrekvente vanskeområde*

Tala for Sogn og Fjordane viser at ein også ønskjer kompetanse innafor dei meir høgfrekvente vanskeområda. I ekspertgruppa sin rapport kjem det fram at « (...) *det er behov for at den ordinære lærerutdanningen gir grunnleggende kunnskap om høyfrekvente vanskeområder som finnes i alle klasserom og innenfor alle utdanningsprogram.* »(s.32)

Vi meiner det er viktig barnehagelærarar/ lærarar gjennom si utdanning har grunnkunnskap om lese- og skrivevanskar, matematikkvanskar, sosiale og emosjonell vanskar og psykisk sjukdom. Dette med tanke på å kunne fange opp og følgje opp, dvs. «tidleg innsats i alle aldre».

##### *Tverretatleg samarbeid*

Å sjå spesialpedagogiske tiltak i ein større samanheng er viktig i dag, men vil også vere sentralt framover då vi meiner at ein framover må ha større merksemd på integrering i forhold til barn og ungdom med særskilde behov. Dette vil også gjelde vaksne med særskilde behov, særleg med tanke på høgare gjennomsnittsalder i befolkninga.

##### *Kompetanse om aktuelt lovverk*

Gjennom m.a. tilsyn har Fylkesmannen kontakt med personar på ulike nivå innafor grunnopplæring og barnehage. Dersom noko skal framhevast som eit utviklingsområde innafor grunnopplæringa, er det at det i større grad må arbeidast for å viske ut eit eksisterande kunstig skilje mellom pedagogisk praksis og lovverk/forskrift. Lovverket er ofte for langt borte og vert i for liten grad kopla til praksis. Dette gjeld til ein viss grad også PPT.

#### Master i spesialpedagogikk

I 2012-2013 gjennomførte utdanningsavdelinga hos Fylkesmannen i Sogn og Fjordane ei kartlegging i vårt fylke med tanke på kommunane i vårt fylke (26) sine behov for spesialpedagogisk kompetanse på barnehage- og skuleområdet i åra framover. Sjølv om dette er litt eldre tal, trur vi ikkje at forholda har endra seg særleg mykje.

Gjennom undersøkinga peika fleire kommunar på at fleire vil alderspensjonere seg dei næraste åra. Det vil difor vere trong for å erstatte spesialpedagogisk kompetanse - særleg logopedkompetanse.

Når det gjeld kompetansebehova i grunnskulen, svarte 18 (69%). 9 (35%) av kommunane seier at dei i dag manglar spesialpedagogisk kompetanse. 13 kommunar (50 %) uttrykkjer eit framtidig behov om spesialpedagogisk kompetanse i forhold til desse vanskeområda:

- Åtferd (samspelsrelaterte vanskar)
- Lese- og skrivevanskar går att og det vert spesielt peika på ønskje om logopedtenester og gjerne i forhold til vaksne sin rett etter § 4A-2
- Matematikkvanskar (dyskalkuli)
- Minoritetsspråk

Når det gjeld framtidig spesialpedagogisk kompetanse innafor området førskulealder, gav 24 (92%) av kommunane tilbakemelding. 16 (66%) av kommunane seier dei i dag manglar spesialpedagogisk kompetanse og at kommunane vil ha behov for spesialpedagogisk kompetanse innafor desse områda:

- Språk- lese og skrivevanskar
- Teiknspråk
- Minoritetsspråklege barn
- Sosio-emosjonelle vanskar
- Åtferd-tilpasningsvanskar
- Tidleg tilnyting
- Autisme – asberger
- Mulitfunksjonshemming

Gjennom Fylkesmannen si kartlegging fann vi at det i 2012 ikkje var tilsett spesialpedagogar i barnehagane i vårt fylke. Dette var eit overraskande funn med tanke på at gode spesialpedagogiske tilbod i førskulealder vil kunne ha positiv effekt langt opp i skulealder.

#### *Prosessrettleiing*

Spesialpedagogisk praksis har i stor grad vore individfokusert. For at ein skal arbeide meir innafor skulen eller barnehagen sine ordinære rammer, er det behov for å styrkje kompetansen for å kunne arbeide meir «systemretta». Arbeid med analysemodell, LP-modellen og reflekterande team er aktuelle stikkord. Dette gjeld m.a.o. å utvide den spesialpedagogiske verktøykassa når det gjeld arbeidet i barnehagen, i skulen og i PPT. I samband med Fylkesmannen sitt arbeid med SEVU-PPT har vi fått innspel frå kommunenivå, skule og barnehage om forventningar ein har til PPT framover. PPT er ønskt meir ute på skulane og i barnehagen er eit tydeleg ønskje – i form av observasjon og rettleiing. Dette etterlyste kompetansebehovet bør i større grad innarbeidast i studieplanane på masternivå.

#### Kulturkompetanse

Sogn og Fjordane har til no hatt høg innvandring – spesielt arbeidsinnvandring. Behov for å styrkje kompetansen når det gjeld særskild språkkopplæring/minoritetsspråk vart etterlyst i Fylkesmannen si kartlegging frå 2012-13. Dette er også ein kompetanse som også vert etterlyst gjennom vårt arbeid med SEVU-PPT.

Leikanger 31.10.2014

Helge Pedersen  
-seniorrådgjevar -